

RETNINGSLINER, SØKNAD OM ELEVPERMISJON

Opplæringsloven har § 2-11 seier følgande om permisjon frå den pliktige opplæringa:

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

Å få permisjon frå undervisninga er ikkje ein rett etter opplæringslova § 2-11, men etter søknad kan kommunen altså innvilge inntil to veker når kommunen finn det forsvarleg.

I Volda kommune er dette spørsmålet delegert til rektor ved den einskilde skule. Kontaktlærer kan innvilge fri inntil tre dagar.

Det er ikkje skuleplikt i Noreg, men opplæringsplikt. Det inneber at dersom føresette i periodar vel å ikkje la skulen ta hand om opplæringa, må dei sjølve ta ansvar for denne. I spørsmål om heimeundervisning gjeld eigne, forvaltningsmessige reglar.

Når søknader om permisjon skal vurderast, må ein ta omsyn til den einskilde elev og vurdere om eleven med dette får ei forsvarleg grunnskuleopplæring.

Permisjon kan ikkje gjevast utover to veker. Dersom dei føresette ønskjer å ta eleven ut for ein lengre, samanhengande periode utover to veker, må dette sjåast på som privat undervisning, jfr § 2-13. Eleven blir difor formelt skriven ut frå skulen som elev, og foreldra/føresette har det fulle ansvaret. Kommunen skal imidlertid ha tilsyn med den private undervisninga, etter § 14-2. Sjå elles kommunen sine eigne rutinar for heimeundervisning og tilsyn i høve dette.

Dei føresette må få informasjon om følgjene ved å skrive ut eleven frå skulen.

Opplæringa som eleven mistar ved permisjon, har eleven ikkje rett til å få erstatta seinare.

Oppvekst, januar 2020

